

ÅRSMØTE GRENDAUTVALET 29/11- 2016

Liv Vatnedal ynskte dei ca 30 frammøtte velkomne og ga ordet straks vidare til Soknerådet ved Frode Eike og Sjur Inge Stødle som informerte, og viste planar og skisser av bygget som er tenkt sett opp på soknehustomta ved kyrkja og Vindafjordhallen. Tomta vart sett på reguleringplan i 2009.

Per i dag er det 4 bedehus i bygda, speidar, søndagsskule, loftet, påfyll (25-40 år) onsdagsmøte, basar og nyttårsfest, og dette ynksjer Soknerådet å samla på ein plass.

Vats bedehus/Soknehusforeining vart stifta i 2013, og i 2016 blei det innhenta anbud, bygget skal heite Arken og har ein totalkostnad på 16,8 millionar. Til no er det samla inn 900 000 kr.

Neste på programmet var Marianne Dalaker frå Knapphus buss som fortalde om deira spennande rutetilbod utover våren og sommaren.

Ordførar Ole Johan Vierdal informerte om kva som skjer i kommunen for tida. Budsjettforslaget skulle komma dagen etter, så det var ikkje avgjort enda, men kommunen sliter med dårlig økonomi, høg arbeidsledighet og auka kostnader. -Vestlandsreform, der skal kommunen komma med ein uttalelse ganske snart om dei er for eller i mot dette.

-Ny brannstasjon i Sandeid, betyr betre beredskap i forhold til trafikkulykker og brann, der har dei og fått eit aggregat til brannsløkking. Det er stasjonar i Skjold, Sandeid og Ølen, mannskapa er deltidsansatte og i nær tilknytning til stasjonane.

-Bygg, rådhuset er ferdig. Lege og ambulanse held til på øvre sida av sjukeheimen. Ølen Kulturhus skal pussa opp og få bibliotek, kulturskule og voksenopplæring på plass der. Aktivitetshuset i Sandeid skal vera ferdig til nyttår.

- Vei, sykkel og gangsti, prosjektet mellom Ølen og Ølensvåg skal snart påbyrjas. Trovåg- Håkull, Vikedal sentrum og veien frå Knapphus til Sauda er på handlingsplanen. Sykkel og gangveg fra Knapphus til Kårhus er kommen inn på lista. Ein reguleringsplan for prosjektet bør ikkje påbyrjas før prosjektet har rykka høgare opp på lista, for ein reguleringsplan har ein varighet på 7 år.

-Lys langs sykkelvegen frå Øvre Vats til Aurdal, vegvesenet har blitt veldig strenge med at prosjekter blir gjort på dugnas, alt skal gjerast av vegvesenet.

-Fiber, har fått 4 millionar til dette, har søkt VAF og ymse om midler, 12-15 mill er innan rekkevidde, men treng 36 mill for å dekkja alle områder. Det ligg ikkje så langt fram i tid.

Næringstomter på Knapphus, kommunen bruktepengen frå Raunessalget, og dei pengane har fått tilbake frå salg av tomter.

Årsmøtesaker

Valg :

Liv Vatnedal tar gjenvalg

Andreas Lundegård går ut, Linda Bjelland erstattar han det andre året hans

Lill Eva Dale tar gjenvalg

Karin Frøland går ut, Jone Døvik kjem inn

Øystein Eide går ut, Eirik Nesheim kjem inn

Vara : 1 Per Sandvik

2 Magne Hansen Stokland

Valnemnda : Alf Egil Vaula går ut, ny i valnemnda Øystein Eide

Reknskap :

65 577 kr i banken pr dd

55 000 kr av desse er øyremarka sykkel og gangveg